

Velle Espeland

Ballade og bånsull

Sjangernemningar i norsk vokaltradisjon



NB tema 12

Nasjonalbiblioteket
Oslo 2021

Velle Espeland: Ballade og bånsull – sjangernemningar i norsk vokaltradisjon, NB tema 12, Nasjonalbiblioteket, Oslo 2021

ISBN: 978-82-7965-505-3 (bokselskap.no),

978-82-7965-506-0 (epub), 978-82-7965-507-7 (mobi)

Denne publikasjonen er basert på en oversikt laget ved Norsk visearchiv i 2013 og tilrettelagt for publisering i NB tema av Liv Kreken og Astrid Nora Ressem i 2021.

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Illustrasjon på tittelside: Utsnitt av omslag til «Da letta jeg anker», utgitt på AS Norsk Notestik og Forlag, Oslo, ca 1930. Illustratør: Roald Mortensen.

Forord 2021

«En vise er en vise, og en pølse er en pølse» sa Alf Prøysen til Alf Cranner då sistnevnte påsto at «viser er jo så mangt». Det er ikkje berre Prøysen og Cranner som har drøfta viser og andre vokalsjangrar. Ulike formar for omgrep på vokal songtradisjon har vore diskutert i fagmiljø, blant artistar og i vår daglege omgang med song og songtradisjonar. Med vokal songtradisjon tenkjer me på songar som er borne fram av stemma, men der tema, instrumentalføring og bruksområde heile tida har endra seg og hatt ulik funksjon. Denne tradisjonen spenner over alt frå eldre folkeviser til nyare popmelodiar. Spørsmåla er mange, kva er eigentleg ei rallarvise, er det ei vise *om* rallarar eller er det ei vise som rallarar song? Er ei skillingsvise ei vise om mørke skjebnar, eller er det ei vise trykt på eit papir og seld for ein skilling? Kan ei vise som oppstod på 1800-talet kallast ein mellomalderballade? Er det forskjell på ei drikkevise og eit skålevers eller på ei sjømannsvise og ein sjanti?

Velle Espeland er kanskje den her i landet som kjenner dei ulike formene for vokalsong best. Espeland arbeidde som dagleg leiar i Norsk visearkiv frå stiftinga i 1983 fram til 2014 då arkivet vart ein del av Nasjonalbiblioteket. Han studerte folkeminnevitenskap ved Universitetet i Oslo, og i 1974 leverte han avhandlinga *Folkesong i Bjerkreim* for magistergraden, og interessa for vokalsong og folkeminner var stor gjennom heile yrkeslivet. Interesseområda hans spente over eit stort området frå folkeviser, balladar og skillingsviser til arbeidssongar og songar for born. I tillegg til arbeidet ved Norsk visearkiv underviste han i perioden 1974–2003 ved Institutt for kulturstudier ved Universitetet i Oslo. Espeland var også omsettar av teikneseriar og skreiv tekst til julehefter som *Smørbukk* og *Tuss og Troll*, og han skreiv og redigerte bøker og artiklar om folkloristikk og kulturhistoriske emne. På nittitalet var han initiativtakar og pådrivar for arbeidet med å gi ut ei samla vitskapleg kjeldeutgåve med norske mellomalderballadar, og i 2016 avslutta han eit langt yrkesliv i folkevisas si teneste då han som forskingsbibliotekar ved Nasjonalbiblioteket var med på å ferdigstille dette omfattande balladeprosjektet. 12 bøker med tekster og melodiar til

mellomalderballadar var då publisert i samarbeid med blant andre Norsk Folkeminnelag.

På byrjinga av århundret vart Espeland spurd av *Nettverk for norske folkemusikkarkiv* om han kunne hjelpe til med ei oversikt som gjorde det lettare å klassifisere vokal folkemusikk. I forbindelse med dette arbeidet såg han at det var behov for eit meir omfattande oppslagsverk, og arbeidde vidare med å teikne ned og forklare ulike omgrep ein møter på i arbeidet med songen.

Resultatet vart samla i dette heftet. Heftet er ikkje publisert i noverande form tidlegare, men har vore eit godt nytta arbeidsdokument tilsette ved Norsk visearkiv og etter kvart Nasjonalbiblioteket. Ved å publisere dette heftet no i fagressurserien [NB tema](#), håpar me at mange fleire får nytte av dette arbeidet.

Nasjonalbiblioteket, oktober 2021
Liv Kreken og Astrid Nora Ressem

Forord 2013

Dette heftet var opphaveleg tenkt som eit hjelpemiddel for dei som skal klassifisere vokal folkemusikk, men under arbeidet voks det ut til å omfatte langt fleire omgrep enn dei ein treng til klassifisering.

I målføra finst det ei rekkje ord og nemningar på vokalsjangrar. Ikkje alle er like klårt avgrensa. Eg har tatt med ein del slike, men prøver stort sett å vise til standardnemningar. Der eg har klart å finne engelske og tyske ord som nokolunde dekkjer dei norske nemningane, har eg sett dei til.

Norsk visearkiv, 2013
Velle Espeland

Innleiing

I vanleg daglegtale er det ikkje så nøye om orda vi bruker er litt uklåre. Vi forstår kvarandre likevel utifrå samanhengen og meininga med samtala. Når vi skal sortere eit material, blir det derimot viktig at omgrepa er klåre og at vi er einige om kvar grensene mellom dei går. Slik er det også med viser og songar.

Om ein songar kallar det han syng *rallarvise*, kan det vere greitt nok, men skal visa klassifiserast oppdagar vi at ordet kan ha mange tydingar. Ordet «rallarvise» kan i alle fall bli brukt på desse fire måtane:

1. Ei vise om rallarar og arbeidet deira. I denne tydinga kan både tradisjonelle folkeviser og litterære viser komme inn under nemninga.
2. Ei vise som var populær i rallarmiljø. Dei visene rallarane song kunne handle om jernbanebygging, men rallarane song også gjerne om kvinnfolk og drikking og dei kunne til og med synge populære slagerar. Visa «Kalle Petterson og Josefina» er ei kjærleiksvise som blir kalla rallarvise fordi den var populær i rallarmiljø, og dessutan er på rallarsvensk.
3. Ei vise brukt ved rallararbeid. I eit berglent land som Noreg, vart mineboring og sprenging ein viktig del av rallararbeidet, dessutan var det denne jobben rallarane knytte identiteten sin til. Ved mineboring brukte dei gjerne ein jamt rytmisk song for å regulere arbeidet. Til dette nytta dei helst viser om rallarlivet og anlegget, men alle viser med høveleg rytme kunne brukast. Ein gammal rallar fortalde meg at den songen han hadde bora mest etter var «Fola fola Blakken».
4. Ei vise dikta av ein rallar.

I den første bruksmåten er det innhaldet i teksten som definerer sjangeren, i den andre er det brukarmiljøet, i den tredje funksjonen og i den siste er det visas opphav. Vi har lett for å tenkje oss at desse elementa heng naturleg saman, at ei rallarvise er dikta av ein rallar, brukt til mineboring i rallarmiljø og at teksta handlar om jarnvegsbygging. Og når det gjeld akkurat rallarvisene finn vi faktisk ein del viser som oppfyller alle krava, men desse visene er berre ein liten del av alle dei visene som vi gjerne bruker nemninga *rallarvise* på. Og problema blir større

når vi går over til andre visesjangrar. Ein julesong handlar oftast om Jesus' fødsel eller julefeiring, men både «Reven rasker over isen» og «Så går vi rundt om en enebærbusk» blir også rekna til julesongane sjølv om dei ikkje handlar om jul og ikkje er dikta i jula. Julesong er altså ikkje eit innhaldsomgrep.

Sjangernemningar kan altså lagast utifrå mange ulike grunnlag. Vi skal nå sjå nøyare på nokre av dei grunnlaga sjangernemningane kan ha:

Innhald

Ord som *kjærleiksvise* og *riddarvise* seier berre noko om innhaldet i visa. Andre slike innhaldsomgrep er *skjemtevise*, *lyrisk vise*, *dyrevise*, *trollvise*, og så vidare. *Lovsong* er også eit omgrep som baserer seg på innhaldet, sjølv om lovsongar helst blir brukt i rituell samanheng.

Funksjon

Ei *voggevise* er noko ein syng for å få eit lite barn til å sove. Songen bør vere roleg og uengasjerande, gjerne med jamn rytme, men denne bruken set ikkje spesielle krav til innhaldet. I den fasen da barnet glir inn i søvnen fungerer faktisk tekstlaus nynning best. Omgrepet *voggevise* seier altså noko om den funksjonen songen har. Andre funksjonssjangrar er *kulokk*, *dansevise*, *mineboringssong* og andre arbeidstaktsongar som *sjanti* eller *kabelstrekkingssong*.

Ein mineboringssong blir brukt til å halde takta ved mineboring. Ein slik song kan handle om rallararbeid, men andre songar med høveleg rytme kan like så godt brukast.

Brukargruppe

Sjømannsvise kan brukast som innhaldsogrep. I så fall betyr det ei vise om livet om bord og i framande hamner. Men det er like vanleg å nytte ordet om dei visene som har vore brukt og populære i sjømannsmiljø. Da omfattar *sjømannsvise* også sjantiane, som var arbeidssongen på skutene. Sjantiane kunne handle om mange ting. Dei handla gjerne om livet på seglskuta og i framande hamner men like ofte handla dei berre om jenter og fysisk kjærleik.

Form

Gamlestev og *nystev* er omgrep som først og fremst seier noko om forma. Steva er firelina einstrofingar, men *nystev* og *gamlestev* skil seg frå kvarandre gjennom rytmen og rimstillinga.

Ein annan rein formsjanger er *limerick*, og frå den litterære diktinga kan vi nemne *sonett*.

Forma kan også vere eitt av kjenneteikna på ein meir avgrensa sjanger. Strofeforma er det kjenneteiket som raskast kan identifisere ein ballade, men balladesjangeren har også andre kjenneteikn som skal oppfyllest.

Arrangement/framføring

Moderne former som *rock* og *rap* kan lettast identifiserast gjennom framføringane. Folkrockgruppene brukte gjerne gamle folkeviser som dei arrangerte og framførte i ein annan tradisjon.

Opphav

Omgrepet *litterær vise* blir brukt i motsetning til *folkevise*. Kjenneteiknet på ei litterær vise er i så fall at ho har kjent diktar, mens folkevisa i dette tilfelle, blir brukt om ei vise med ukjent opphav. *Revyvise* betyr at visa opphaveleg har vorte laga til framføring i ein revy.

Distribusjon

Skillingstrykket var vårt første kommersielle massemedium, og skillingsvise er ei vise som har vorte spreidd i skillingstrykk. Dramatiske viser om kjærleik og død selde bra, og difor er slike viser svært vanlege i skillingstrykka, men produsentane trykte alle slag viser som kunne seljast og difor kan ikkje *skillingsvise* brukast som innhaldsogrep.

Folkeviseomgrepet kan også brukast som distribusjonsogrep, i så fall omfattar det viser som har vorte spreidd i munnleg tradisjon uavhengig av om vi kjenner namnet på dikteren eller ei.

Alfabetisk oversyn over vokalsjangrar

Akrostikon

Nammedikt. Ei vise der første bokstaven i kvart vers til saman dannar ord, ofte namnet til visediktaren.

Døme: Den mest populære Gjest Baardsen-visa, «Grusomme skjebne», inneheld namnet på kjærasten hans: Giertine Carlsdatter.

Alliterasjon

Bokstavrim eller framlydsrim. Dei trykkunge orda i første lina startar på same konsonant.

Alliterasjon var vanleg i norrøn dikting, men det har også vore brukt som verkemiddel i nyare dikting, til dømes av Ivar Aasen.

Døme frå «Trymskvida»:

Vreid var Vingtor
då han vakna

Døme frå «Gamle Noreg» av Ivar Aasen:

Leid er vel den lange vetter,
endå grøn vår granskog stend,

og når lauv i liom spretter,
fagre leter fær vår grend.

Allsong

Fellessong, også brukt om ein velkjent song som kan høve til framføring i ei gruppe.

Anleggsvise

Vise om eit anlegg. I rallarmiljøet var det vanleg at kvart jernbaneanlegg fekk si vise. «Vossebanevisa» frå 1881 (Akk, hør I selskapsbrødre, vi stemmer opp en sang) er truleg den eldste norske anleggsvisa. Andre kjente anleggsviser er «Rombakvisa», «Flekkefjorsbanevisa» og mange fleire.

Sjå også *Rallarvise*.

Arbeidarsong

Song brukt i arbeidarrørsla. I arbeidarrørslas songbøker finst det oftast også tradisjonelle folkeviser, men *arbeidarsong* blir berre brukt om litterære songar dikta til rørsla, som til dømes: «Sleggene synger og hamrene slår», «Vi er fabrikkenes kvinner og menn» etc.

Arbeidsrop

Rop brukt som rytmisk signal til arbeid: «Å, hå!» eller «Hiv, å hå!». Slike rop vart gjerne brukte for å samkjøre ei arbeidsgruppe. Når arbeidsgruppa var stabil og ofte måtte arbeide i takt, kunne slike arbeidsrop utvikle seg til *arbeidssong*.

Sjå til dømes *Baksing*, *pålingsramse* og *kabelstrekkingssong*.

Arbeidstaktsong

Song som rytmisk følgjer takten i arbeidet, men ikkje (som arbeidsropet) gir nødvendige signal til arbeidsstokken.

Sjå til dømes *Mineboringssong*, *sjanti*.

Arbeidssong

Song knytt til arbeidsprosessar i motsetning til *arbeidarssong* som er knytt til arbeidarar som sosial gruppe.

Arbeidssongen kan knytte seg til arbeidet gjennom funksjon (sjå *sjanti*, *mineboringssong*) eller gjennom innhaldet (*veveviser*, *spinneviser*).

Engelsk: *worksong*. Tysk: *Arbeitslied*.

Aukevise/Aukerim

Ei vise der det blir lagt til ei ny line for kvar strofe. Strofene blir derfor gradvis lengre. Blir også kalla *kumulativ vise*.

Døme: «Gubben og gamla låg og drog» eller «Eg tente meg så lenge hos ein telebondemann».

Engelsk: *cumulative song*. Tysk: *Kettenlied*.

Avisvise

Sjå *Sensasjonsvise*.

Baksing

Når store steinar skulle flyttast med handkraft, vart det gjort med spett av eit arbeidslag. Arbeidet blir lettare om ein rugger steinen taktfast. Dette krev «samse tak». I rallarmiljøet vart signala til arbeidstaka gitt som song. Men dette arbeidet er ikkje heilt jamt rytmisk, som til dømes *påling*., og baksingssongen er difor ustrukturert og improvisert til situasjonen.

Sjå også *Arbeidsrop*.

Ballade

Ei gruppe gamle folkeviser med ei rekkje felles kjenneteikn. I engelsk og tysk blir *ballade* brukt om alle forteljande folkeviser, men i Norden er gruppa meir avgrensa. I praksis blir nemninga oftast avgrensa til dei visetypane som er oppført i den nordiske balladekatalogen (TSB-katalogen).

Dei viktigaste kjenneteikna er følgjande:

1. Strofeform: Nokre ganske få balladar kan ha avvikande strofeformer, men likevel er strofeforma det viktigaste kjenneteiknet når ein skal avgjera om ei visetekst kan vere ei ballade. Balladane har tolina eller firelina strofe. Den tolina har alltid etteromkved og ofte også mellomomkved. Den firelina har som oftast etteromkved, men aldri mellomomkved.

Døme på balladestrofer:

Firelina strofe med etteromkved:

Det var Torstein Davidson,
han ville til bryllaups bjode;
og det var Falkvor Lommansson,
han let sine hestar ringskoe.
Riddaren vågar han livet sitt for ei jomfru.

Firelina strofe kan også ein sjeldan gong mangle omkved.

Tolina strofe med etteromkved:

Å Valivan høyrde frå eit anna land
at der va' det ei skjønn jomfru så belevand.
Valivan siglar årleg.

Tolina strofe med delt omkved:

Villemann og hass møy så prud,
hei fagraste lindelauvi alle,
dei leika gulltavel i hennar bur.
Ved de rone det lyste å vinne.

2. Episk: Balladane fortel ei historie og denne historia er grunnlaget for typeinndelinga.

3. Stil: Balladane har ein eigen knapp forteljestyil med mykje formlar typiske for sjangeren. Formlane kan vere korte (*raude gull, kåpa blå*) eller heile formelstrofer (*Det var NN, han kom seg ridande i gård. Det var NN, ute for honom står*).

4. Nordiske: Balladen er ein nordisk sjanger og likskapen mellom balladar frå ulike nordiske land er stor.

5. Innhald: Innhaldet i balladane knyter seg til mellomalderen. Etter innhaldet vert balladane delt inn i fem undergrupper: *naturmytiske balladar*, *legendeballadar*, *historiske balladar*, *riddarballadar*, *troll- og kjempeballadar* og *skjemteballadar*. Balladane vart ofte omtala som danseviser frå mellomalderen. Dette er hypotesar. Vi veit lite om den eldste historia til denne sjangeren. Balladane er danseviser på Færøyane og etter Hulda Garborgs tid, også i Noreg.

I engelskspråklege område blir viser som svarer til våre balladar, omtalt som *Child Ballads* etter professor Francis James Child som gav ut ei vitskapeleg utgåve i 1882. Tyske balladar står fjernare frå våre både i innhald, strofeform og stil.

TSB–katalogen: katalog over nordiske balladar med beskrivelse av dei enkelte typane. (Bengt R. Jonsson, Svale Solheim og Eva Danielson (red.): *The Types of the Scandinavian Medieval ballad : a descriptiv catalogue*, Oslo 1978.)

Sjå *Historisk ballade*, *Legendeballade*, *Naturmytisk ballade*, *Riddarballade*, *Skjemteballade*, *Troll- og kjempeballade*.

Barnerim

Nemning på ulike smårim og stubbar retta mot barn. Jfr. *Leikesong*, *Songleik*, *Barneviser*.

Barnevise

Underholdande vise for barn.

Bibelsk vise

Vise med innhald henta frå bibelen, vanlegvis frå det gamle testamentet. Med boka *Aandelig Tidsfordriv eller Bibelske Visebog* gjorde Petter Dass denne visetypa populær i Noreg.

Skapinga av Eva har vore eit populært motiv i bryllupsviser, elles har dramatiske forteljingar som syndefloda vore populære.

Petter Dass' «Jeftas vise» er mellom dei tekstene som har flest melodiar i norsk tradisjon. Den melodien som blir brukt til salmen, «No koma Guds englar med helsing i sky» er ein folketone henta frå «Jeftas vise»:

Det hænded sig Jeptha, den Gileads Mand,
En Helt, ikke vant til at sove,
Han engang uddrog af sit Fæderneland,
En Kamp imod Ammon at vove.
Den Tid han gik ud,
Da gjorde han GUD
Et løfte som ei var at love.

Bokstavrim

Sjå *Allitterasjon*.

Bordvers

Vers til å syngje ved bordet, før eller etter maten. Innhaldet er oftast religiøst, men funksjonen har også vore å markere måltidet og dei reglane (bordskikk) som gjeld da.

Bryllaupssong

Sjå *Leilighetssong*.

Bygdesong/Bysong

Meir eller mindre offisiell «nasjonalsong» for ei bygd eller ein by. Songen inneheld ei rosande skildring av bygda eller byen. Dei fleste skriv seg frå 1900-talet og vart brukt i seremoniell samanheng. Bruken av slike songar har gått tilbake dei siste tiåra. Døme: «Bergenssongen» (Jeg tok min nystemte ...).

Bygdevise

Munnleg tradert vise med kjent opphavsmann. Vanlegvis er opphavsmannen ein såkalla bygdediktar, men når landskjente litterære forfattarar har skriva på dialekt kan også visene deira bli kalla *bygdevise*. Jfr. Edvard Storms viser på Vågåmål.

Omgrepet kom til da forskarane hadde definert folkevise som «anonym vise i munnleg tradisjon». Dermed vart det behov for ei nemning på dei visene der opphavsmannen framleis vart hugsa. Sjå også *Litterær vise*.

Bånsull

Samleomgrep brukt om songar som vaksne syng for små born. Sjå også *Barnेरim*.

Dansevise

Song til å danse etter. Balladane har vore danseviser på Færøyane og i Noreg etter Hulda Garborgs tid.

Tysk: *Tanzlied*.

Drikkevise

Song om drikking og alkohol. I songbøker frå 1800-talet blir gjerne drikkevisene inndelt i ei rekkje grupper: *vinviser, punsjviser, bispviser, ølviser, drammeviser* etc.

Tysk: *Trinklied*.

Sjå også *Skålevers*.

Dyrevise

Vise om dyr. Vanlegvis blir dyra framstilt som menneske.

Døme: «Ramnebryllup i Kråkelund», «Bamsens fødselsdag».

Einstrofing

Ein song med berre ei strofe, til dømes *stev*. *Slåttestev* er også ofte einstrofingar.

Emigrantvise

Vise om emigrasjon, særleg om utvandringa til USA.

Tysk: *Auswanderlied*.

Sjå også Svein Schrøder Amundsen og Reimund Kvideland: *Emigrantviser*, Oslo 1975 (Norsk folkeminnelags skrifter 115).

Episk vise

Forteljande vise. Jfr. *Lyrisk vise*.

Erotisk song

Vise med erotisk motiv eller med seksuelle tabuord i teksten. Erotisk song blir ofte oppfatta som ei eiga visegruppe, men erotiske motiv kan finnast i viser av svært

ulike slag. Andre omgrep for det same er: *Grove viser*, *Obskjøne viser*.

Etterklangsviser

Dette omgrepet vart tidlegare brukt om viser som likna på balladar, men som på grunn av stil, språk eller innhald ikkje kunne knytast til mellomalderen.

Fengselsvise

Vise dikta av ein fange eller lagt i munnen på ein som er fengsla. Visetypa var vanleg i skillingstrykk. Innhaldet er ofte klagande med ein moralsk slutt.

Døme Gjest Baardsens «Gud trøste mig som maa i slavekjeder».

Sjå også *Skafottvise*.

Folkevise

Omgrepet *folkevise* (*Volkslied*) vart lansert av Johann Gottfried von Herder i 1770, og vart utgangspunkt for eit nytt syn på diktning i det heile. Det vart også opphav til ord som *folkekunst*, *folkemusikk*, *folkekultur* etc. *Folkevise* har gjennom tida vore brukt på fleire ulike måtar.

Opphavelig vart «folkevise» brukt om (1.) song som gav uttrykk for folkesjelas (nasjonens) særpreg. Denne måten å bruke ordet på omfatta også nydikta songar og viser av kjente forfattarar. Den første norske folkeviseboka: *Samling af Sange*,

Folkeviser og Stev i Norske Almuedialekter frå 1840 bruker omgrepet på denne måten.

Men rundt 1840 var ordet i ferd med å få nytt innhald. Heretter vart ordet brukt om (2.) anonyme songar som hadde levd i munnleg tradisjon. Dermed vart det mogleg å dra ei grense mellom dei anonyme folkeviser og *litterære viser* som hadde kjent opphav. I praksis vart omgrepet *folkevise* brukt berre om *balladar* til langt ut på 1900-talet. Moltke Moe og Knut Liestøl brukte ordet på denne måten.

Rundt 1970 var det ein del forskarar som meinte at kravet om anonymitet skapte ei kunstig grense. Om forfattaren/komponisten er kjent eller ei, spelar liten rolle for den som syng visa. Den store skilnaden går mellom populære viser som har levd på folkemunne, og viser som berre har overlevd på papir. Desse forskarane brukte folkeviseomgrepet om (3.) alle songar som har levd i munnleg tradisjon anten dikteren var kjent eller ei. Eit kjenneteikn på munnleg traderte viser er at dei finst i variantar.

I songbøker og fonogram er det vanleg å bruke *folkevise* copyrightteknisk om (4.) gamle songar utan kjent opphavsmann.

I den siste tida har det også vorte vanleg å bruke folkesong om songaktivitet. I det tilfelle blir det brukt om (5.) synging som – i motsetning til profesjonell song – ikkje rettar seg mot eit publikum.

Engelsk: *Folk song*. Tysk: *Volkslied, Volksballade*.

Folkeleg vise

Så lenge folkeviseomgrepet berre vart brukt om balladar, vart *folkeleg vise* brukt litt nedsetjande om andre viser i munnleg tradisjon.

Tilsvarende omgrep på andre språk: *Popularesque/folksy, volkstümlich, folklorique* etc.

Sjå også *Folkevise*.

Foreldresong

Det kan vere praktisk å dele barnesongen i barnetradisjon og foreldretradisjon. Foreldresongen omfattar aktiviserande songar for dei minste barna, til dømes: «Bake kake søte» og «Ride ride ranke». Dette er songar der den vaksne styrer barnets hender eller lar barnet ri på kneet. Dette er ikkje songar som barn sjølv syng. Voggesongen er også ein typisk vaksentradisjon.

Frivaktsvise

Underholdande *sjømannsvise* sunge på frivakta. I motsetning til *sjanti* har frivaktsvisene ikkje funksjon som *arbeidssong*.

Frødestev

Kunnskapsstev, oftast *gamlestev* som inneheld ordtaksprega livsvisdom. Jfr. *Stev*.

Gamlestev

Firelina einstrofing der andre og fjerde line rimar (oAOA). Første og tredje line har vanlegvis fire taktslag, mens andre og fjerde har tre.

Hanen stend på stabburshella.
Bonden gjev honom korn.
Rakken skvakkar i bergo nord,
og hjuringen bles i horn.

Sjå *Stev*.

Gatesong

Dels brukt om skillingsviser seld på gata, dels om songar brukt av gatesongarar.

Gjetarsong

Samleomgrep brukt om songar med tilknytning til gjeting: *lokk, hauk, skremmerop mot udyr* osv. Kan også brukast om viser om gjeting og seterliv.

Tysk: *Almlied*.

Gukko

Sjå *Hauk*.

Gygretull

Det same som *Huldrelokk*.

Halesjanti

Arbeidsrop for arbeid der det trongst ei rekkje rykketak etter kvarandre, til dømes ved heising av segl.

Døme: «Ane Madam» er ein halesjanti med to rykketak i kvar refrengline.



Halesjanti, illustrasjon i *Opsang fra seilskibstiden* av Diderik Brochmann, Kristiania Sjømandsforening, Kristiania 1916

Hauk

Rop brukt til å gje seg til kjenne på lang avstand. Dette ropet, som vanlegvis er tekstlaust, vart særleg brukt på fjellet, gjerne mellom gjetarar. Ropet kunne vere utforma individuelt slik at ein ikkje berre søkte kontakt, men også fortalde kven ein var. Også kalla *huv*, *kauk*, *gukko*, *laling*. I vår tid er det mange som roper ein fallande ters for å gje seg til kjenne på lang avstand. Jodling hadde ein liknande funksjon i Alpane.

Heimstadsong

Sjå *Bygdesong*.

Historisk vise

Viser som fortel om historiske hendingar. Til dømes «Zinklarvisa». *Historisk vise* kan også omfatte dei historiske balladane.

Historisk ballade

Undergruppe under balladane. Dei historiske balladane fortel om hendingar som vi kjenner frå historiske kjelder. Døme: Balladen om Falkvor Lommansson fortel om eit bruderov som skjedde i Sverige 1288. Dei norske historiske balladane fortel om hendingar rundt år 1300.

I TSB-katalogen er dei historiske balladane typologisert under *C*.

Sjå *Ballade*.

Hivesjanti

Arbeidstaktsong brukt ved arbeid med jamn rytme, til dømes gangspel, pumping eller varping. «Rio Grande», «Sally Brown» og «Danse polka» er kjente hivesjantier.



Gangspel, illustrasjon i *Opsang fra seilskibstiden* av Diderik Brochmann, Kristiania Sjømandsforening, Kristiania 1916

Huldrelukk, kvasilukk

Huldrelukken liknar på vanlege ku- eller geitelokkar, men har ikkje vore brukt for å kalle på dyr. Dette er underhaldningssong, gjerne sett inn i ei segn som fortel at ei sæterjente ein gong fekk høyre at huldra lokka på dyra sine. Namna i huldrelukken er som regel ikkje vanlege ku- eller geitenamn, men fantasinamn ein tenkte seg at huldrefolket kunne bruke. Vanleg lokkerop treng ikkje vere melodisk velforma. Men huldrelukken, som rettar seg mot menneskelege tilhøyrarar, kan gjerne vere både fleirstrofisk og velforma.

Huv

Sjå *Hauk*.

Hymne

Lovsong til Gud. Sjå *Lovsong*.

Høvesdikting

Sjå *Leilighetssong*.

Julesong

Song brukt i jula. Innhaldet knyter seg gjerne til jul og julefeiring, men nokre *leikar* som har vore brukt rundt juletreet («Reven rasker over isen», «Så går vi rundt om en enebærbusk») kan handle om heilt andre ting.

Kabelstrekkingssong

Arbeidsrop som signaliserer arbeidstaka ved manuell strekking av kabel.

Kampsong

I vår tid blir omgrepet helst brukt om agitatorisk song i politisk eller ideologisk sammanheng. Eigentlege kampsongar til krigsbruk har vi neppe i norsk tradisjon.

Kjempevise

Eldre omgrep som vart nytta om dei visene vi nå kallar *balladar*. Omgrepet skriv seg frå Anders Sørensen Vedel og Peder Syvs «Kjempeviseboka», *It Hundrede vduaalde Danske Viser om Allehaande Merckelig Krigs Bedriff oc anden seldsom Euentyr ...*, 1591 og 1695.

Kjærleiksvise/Kjærlighetsvise

Vise om kjærleik. Dette er ei stor visegruppe som kan delast inn på fleire måtar (episke, lyriske, sjølvbiografiske etc.). Tragiske kjærleiksviser er mykje vanlegare enn dei om lykkeleg kjærleik.

I skillingstrykka var viser om kjærasten som sveik, svært populære.

Kjøkemeisterviser

Kjøkemeisteren var seremonimeister i bryllupsfesten og hadde ofte eit sett med korte songar til dei forskjellige stadia i bryllupet.

Sjå også Edvard Os: *Kjømeisteren*, Oslo 1960.

Klagesong

Ein song som inneheld klage over eit eller anna. I norsk visetradisjon har vi mange døme på klage over kjærasten som sveik, barnefaren som stakk av, men også over hardt arbeid og dårleg kost. Sjå også *Matgrinarvise*.

Tysk: *Klagelied*. *Elegi* er eit gresk ord for klagesong.

Konglomeratisk vise

Ei vise der strofene ikkje har fast rekkefølge, men kan syngjast hulter til bulter.

Kontrafakt

Latinsk ord for noko som er snudd om. Oftast brukt om salmar laga til verdslege melodiar.

Krisevise/Jøssingvise

Viser frå krigsåra. Dei skildrar krisetilstand og motstand mot okkupasjonsmakta.

Kumulativ vise

Sjå *Aukevise*.

Kuplett

Liten song som skriv seg frå scenetradisjonen, syngespill, revy, kabaret etc.

Kvinnevise

Vise som gjev uttrykk for eit kvinnesyn, song brukt i kvinnerørsla. I 1970-åra vart ei tradisjonell vise som «I fjor gjett eg gjeitin» brukt som kvinnevise.

Laling

Sjå *Hauk*.

Lagssong/Foreiningssong

Songar laga til bruk i organiserte lag og foreiningar. Funksjonen er oftast å styrke gruppekjensla. Døme: *arbeidarssong, fråhaldssong, speidarssong* etc.

Legendeballade

Omgrepet blir brukt om ei undergruppe av *balladar*. Vise om helgenar og mirakel. Også kalla *heilagvise*. I TSB-katalogen er legendeballadane typologisert under *B*.

Sjå *Ballade*.

Leikesong

Song til å leike etter. Omgrepet blir brukt både om aktiviserande foreldresong («Ride ride ranke» og «Bake kake søte») og songleikar som har vorte tradert mellom barn («Tyven tyven skal du hete»).

Sjå også *Songleik*.

Leilighetssong, høvessong

Eingongssong laga til ei bestemt anledning. Slike songar blir ofte dikta til bryllaup, jubileum eller firmafestar og sunge i staden for ein bordtale. Sidan dei skal framførast som allsong, må dei gå på velkjente melodiar.

I leilighetssongar laga til firmafestar kan vi ofte sjå at diktaren har frispråk. Ho eller han kan uttrykke kritikk som det elles ville vere vanskeleg å få fram.

Litterær vise

Dersom ein definerer *folkevise* som ei vise med anonymt opphav, kan *litterær vise* bli brukt om tekster av kjente diktarar. Omgrepet kan også bli avgrensa til tekster forfatta av kjente diktarar, som har gjeve ut bøker. Visetekster av lokale diktarar har i så fall vorte kalla *Bygdedikting* eller *Bygdevise*. Med ein romslegare definisjon av folkeviseomgrepet (Sjå *Folkevise*) har omgrep som *litterær vise* og *bygdedikting* vorte mindre aktuelle. Sjå også *Bygdevise*.

Tysk: *Kunstlied*.

Loffarvise

Tidlegare var det vanleg at handverkarar av ulike slag gav seg ut på vandring for å søke arbeid. Loffarviser handlar om det frie livet på landevegen.

Tysk: *Wanderlied*.

Lovsong

Song som prisar ein person eller ei sak, oftast brukt om *salme* som prisar Gud.

Lokk/Lokkerop

Funksjonssjanger. Eit rop brukt for å kalle på dyr. Vi skil gjerne mellom *kulokk*, *geitelokk* osv., etter kva dyr lokkinga retter seg mot.

Musikkforskarar har skildra lokken som ein avansert vokalsjanger, men dette omfattar berre ein del av lokkeropa. Det er to vilkår for at lokken skal fungere: at dyra er prega på stemma til budeia og at ropet ber langt. Dette betyr at ropet ikkje nødvendigvis må vere melodisk avansert. Det finst også tradisjonelle rop for å lokke på sau (sibba sibba...), katt (psspss...) og høner (tippa tippa tippa...), men desse er lite melodisk utforma og vi bruker vanlegvis ikkje omgrepet *lokk* om desse sjølv om funksjonen er den samme.

Lyrisk vise

Vise som skildrar ein lyrisk stemning. Jfr. *Episk vise*.

Marsjsong

Song til å marsjere etter. Slik song var tidlegare brukt til dømes i militæret og speiderbevegelsen. Innhaldet er ofte slik at det kan kallast «vandreviser».

Matgrinarvise

Vise som klager på maten. Sjå *Klagesong*.

Døme: «Om søndagsmørrån er det nå kaffikoppen svart»

Om søn-dags-mor-ran er det kaf-fi-kop-pen svart!
Sjung fal-le-ri, hei fal-le-ral-le-ra! Å den er no kocht på ein
si-ko-ri-knart! Sjung fal-le-ri fal-le-ra. Hei
sjung fal-le-ri, hei sjung-fal-le-ra. Å sei-tu, rei-tu
fal-le-ral-le-ra! Å den er no kocht på ein
si-ko-ri-knart, sjung, fal-le-ri, fal-le-ra!

Mellomalderballade

Det same som *Ballade*. Uttrykket blir brukt når ein vil understreke at denne visegruppa har høg alder.

Mineboringsong

Arbeidstaktsong brukt ved mineboring. Sjå også *Anleggsvise*, *Arbeidssong*.

Ofte var mineborinssongen berre ei enkel strofe som vart repetert så lenge arbeidet varte:



Tit - ta - re og hard - a - re, sa får me tom - men sna - ra - re.
Tom - men i sla - gjet, sa har du ret - ta la - gjet.
Bo - re - gut, bo - re - gut, å, id'le og su - re ser du ut. -
Sla - gjet gjer tom - men, og skje - lin - ga' i lom - men.

Minnesong/Minnekvad

Hyllingssong til minne om ein person.

Mordvise

Sjå *Sensasjonsvise*.


Naturmytisk ballade

Balladar om det overnaturlige. I motsetning til dei eventyrlege *troll- og kjempeballadane* er menneska i dei naturmytiske balladane makteslause i møte med det overnaturlige. I TSB-katalogen er naturmytiske balladar typologisert under A.

Sjå *Ballade*.

Nidvise

Spottevise dikta for å håne nokon. Mens sjikanerande omtale aldri har vore rekna som god tone, har det vore rekna som meir akseptabelt dersom spotten var i viseform. Døme: «Bukkevisa» skal opphavleg ha vore ei nidvise som vart framført i eit selskap der bukketjuven var til stades:



Buk-ken va bro - kot og buk-ken va svart
og buk-ken vart sto - le ei laur - dags - natt, og buk-ken vart
sto - le ei laur - dags - natt, kil - le - buk - ken, kil - le - buk - ken.

Nystev

Firelina enkeltstrofe der første og andre, tredje og fjerde line rimar parvis: AAbb (Sjå *Rim*). Lengda på linene kan variere, men det vanlegaste er fire taktslag i kvar line. Nystevmelodiane repeterer ofte melodien frå dei to første linene til dei to siste. Sjå *Stev*.

«Ola Ola min eigen unge» er den vanlegaste nystevmelodien i songbøkene:



Å O - la, O - la min ei - gen un - ge, kvi la du
på meg den sorg sa tun - ge? Eg tenk - te
al - dri du brydd' deg om å nar - re meg som du såg var
ung, å nar - re meg som du såg var ung.

Nyheitsvise

Sjå *Sensasjonsvise*.

Omkved

I folkeviser blir refrenget oftast kalla *omkved*. Sjå *Refreng*.

Parodi/Parodisk vise

Latterleggjerande etterlikning. Ofte skjer parodieringa ved at ei høgstemt form får eit kvardagsleg eller uviktig innhald.

Døme: I Prøysens «Hilma og Roger» bryt skillingsvisas oppstylta ordbruk mot det trivielle innhaldet.

Protestvise

Vise som protesterer mot noko. Politiske protestviser var svært populære på 1970-talet. Gamle viser (sjå *Matgrinarvise*, *Klagesong*) vart gjerne presentert som protestviser den gongen.

Pålingsramse/Pålevise

Arbeidsropvise brukt ved påling. Ved veg- eller jernbanebygging over myrlendt terreng var det aktuelt å fundamentera med pålar. Ved muring av brukår kunne det også drivast pålar ned i elvebotnen som fundament. Slik påling gjekk for seg på isen om vinteren. Pålinga vart gjort ved at eit arbeidslag heiste opp eit tungt lodd og slapp det ned på pålen. Dette var rytmisk rykkearbeid og signala til rykketaka vart som regel gitt i ei enkel telleramse. Sjå *Rallarvise*, *Arbeidsrop*.

Rallarvise

Vise med tilknytning til rallarmiljøet, anten viser som handlar om jernbanebygging og gruvearbeid eller viser brukt i dette miljøet. Omgrepet omfattar også arbeidssongen. Sjå også *Mineboringssong* og *Anleggsvise*.

Sjå også Hanna Lund: *Rallarviser*, Oslo 1949 (3. utg. med noter og opplysninger)

Ramse

Rekkje med ord eller namn, ofte med humoristisk eller absurd innhald, gjerne rytmisk. Dei kan ha melodi, men det vanlegaste er at dei berre blir sagt fram.

Engelsk: *Jingle, rigmarole*.

Refreng

Del av teksten som blir repetert etter kvar strofe. I balladar blir refrenget ofte kalla *omkved*. I ein del toline balladar står også eit omkved inne i strofa. Det blir kalla *innstev* eller *mellomsleng* mens etteromkvedet kan bli kalla *etterstev* eller *ettersleng*. Sjå *Ballade*.

Regle

Sjå *Ramse*.

Revyvise

Vise som er del av ein revy, humoristisk eller satirisk framsyning. Revyviser er oftast laga til ein spesiell sesong, men enkelte revyviser har fått eit langt liv i munnleg tradisjon eller i visebøker. Viser frå Chat Noir i Oslo og Hjorten i Trondheim har vorte godt kjent. Viseboka *Smørekoppen* inneheld mange viser frå studentrevyane ved NTNU i Trondheim.

Riddarballade

Ei undergruppe av balladane. Omgrepet omfattar realistiske viser om livet i riddar- og storbondemiljø. I TSB-katalogen er riddarballadane typologisert under *D*.

Sjå *Ballade*.

Rim

Litterært verkemiddel som inneber at same lyd eller lydgruppa tek seg oppatt etter visse reglar. Det vanlegaste er enderim, der dei siste orda i linene kling likt frå siste vokal og ut. For å få eit fullrim må vokalane vere identiske både i lengde og kvalitet (*Buk – bukk* er dårleg rim).

Det blir ofte skilt mellom einstavelserim eller mannleg rim: *mann – tann*, og tostavelserim eller kvinneleg rim: *kvinne – vinne*. Rimstillinga i ein strofe kan markerast med bokstavar. Stor bokstav markerer kvinneleg rim, liten bokstav mannleg. Rimstillinga i eit normalt nystev kan slik markerast med AAbb fordi dei to første linene rimer med tostavelserim og dei to siste med einstavelserim. Rimstillinga i *limerick* er vanlegvis AAbbA. Rim kan også brukast om ei rima tekst, jfr. *Barnerim*. Sjå også *Allitterasjon, Vokalsamklang*.

Romanvise

Fleirepisodisk *episk vise*. Oftast brukt om de lange *ridderballadane*. Døme: Balladen «Aksel og Valborg» med 200 strofer.

Rundsong/Kanon

Fleirstemt song der alle stemmene syng samme melodi, men har ulike startpunkt. Døme: «Fader Jakop», «Jeg gikk en tur på stien».

Salgsrop

Rop for å reklamere for ei salgsvare. Gutar som selde aviser på gata ropte avisnamnet på ein syngjande måte.

Salme

Åndeleg vise godkjent til bruk i gudstenesta. Godkjenninga har skjedd gjennom publisering i salmebøker.

Sjå også Paul Emil Rynnings register over salmer som har stått i norske salmebøker frå 1509 til Landstads reviderte: *Norsk salmeleksikon*, Oslo 1967.

Sensasjonsvise

Viser om aktuelle hendingar: mord, ulykker etc. var populære i skillingstrykk. Desse visene har også vorte kalla *avisviser* eller *nyheitsviser*.

Seremoniell song/Seremonivise

Song eller vise som er del av ein seremoni eller ein fast skikk. Døme: *Kjøkemeistervis*, *Skålevers*.

Seterlåt

Song knytt til livet på setra. Sjå *Gjetarsong*.

Tysk: *Almlied*.

Signalsong

Song som anten signaliserer arbeidstaka i rytmisk arbeid (Jfr. *Arbeidsrop*) eller gjev signal over lang avstand (Jfr. *Songrop*).

Sjanti

Arbeidssong på seglskutene. Sjantien vart brukt til mange ulike arbeid og det finst dømer på både *Arbeidstaktsong* og *Arbeidsrop*. Sjantiane kan bli delt inn i grupper etter struktur: *rykksjanti (short hawl)*, *halesjanti*, *hivesjanti* eller etter arbeidsprosess: *gangspelsjanti*, *varpesjanti*, *pumpesjanti*.

Sjå også Velle Espeland: *Blow boys, blow : sjanties frå Diderik Brochmanns samlingar*, Oslo 1981 (Norsk folkeminnelags skrifter nr. 123)


Sjømannsvise

Song med tilknytning til sjømenn og skipsfart. Det kan vere viser om livet på sjøen og i landlov eller viser brukt av sjømenn. Sjå *Frivaktsviser*.

Skafottvise

Vise som gjev seg ut for å vere dikta av ein som er dømt til døden. Dei er gjerne forma som ei tale til publikum før avrettinga.

Døme: «Morderen Svartbækkens Dødsang». Svartebækken var ein av dei siste mordarane som vart halshogd i Noreg.



Skillingstrykk, «Tilkjøbs hos G.B. Strøm, Prindsens Gade Nr. 25», 1876

Skillingstrykk/Skillingsprent

Trykksak som består av eit enkelt ark bretta på midten slik at det vart eit lite hefte med fire sider. Enkelte skillingstrykk kunne ha fleire sider. Skillingstrykka var salgsvarer – vårt eldste massemedium – og framsida hadde oftast ein tittel som skulle lokka kjøparen.

Skillingstrykk dukka opp med dei første boktrykkarane. På 1600-talet var trykka ofte vakre prakttrykk som vende seg mot ei pengesterk overklasse, men ettersom lesekunsten vart utbreidd, vart skillingstrykka eit billeg tilbod for dei breie lag. Samstundes begynte dei kulturelt interesserte å sjå ned på desse «vulgære» småtrykka. Det var nå dei fekk nemningar som *skillingstrykk*, *gateviser* eller *kjøkkenpikeviser*. Tidlegare hadde dei vorte kalla *flygeblad* eller *visetrykk*.

Fram til 1915 kunne skillingstrykka etablere slagarar – dei store landeplagarane, men etter 1920 vart dei etter kvart utkonkurrert av grammofonplater, aviser og vekeblad.

Skillingsvise

Visetekst som er trykt i eit *skillingstrykk*. Alle viser som var salgbare kunne trykkast i skillingstrykk og såleis bli skillingsviser. Men det var naturlegvis enkelte visetypar som var meir etterspurt og difor kom til å dominere trykka. Som i dagens populærlitteratur var kjærleik i alle former det som selde best, og tragisk kjærleik ennå meir etterspurt enn den lykkelege. Humøristiske viser var også populære, og i dei eldste trykka var religiøse og moralske viser svært vanlege. Gamle folkeviser kunne også vere salgbare. Skillingstrykka hadde vore brukt til nyheitsformidling lenge før dei første avisene såg dagsens lys og sensasjonsvisene eller avisvisene, som dei også blir kalla, er kanskje den visegruppa som er klårast knytt til skillingsvisemediet. Mord, ulykker og skandalar vart det gjerne viser av, og skillingstrykka kunne faktisk konkurrere med avisene, fordi dei var billigare, meir fleksible, ofte også raskare.

Sidan skillingstrykka kunne innehalde viser av alle slag, er ikkje *skillingsvise* noko høveleg klassifikasjonsomgrep. På engelsk blir skillingstrykket kalla *Broadside* eller *broadsheet* og visa *broadside ballad*, på tysk snakkar ein om *Flugblätter* og *Bänkelsang*.

Skjemteballade

Undergruppe under *balladane*. Omfattar humoristiske viser, gjerne grovkorna og groteske. *Dyreviser* som «Kråkevisa» og «Tordivilen og flua» er også skjemteballadar. I TSB-katalogen er skjemteballadane typologisert under *F*.

Sjå *Ballade*.

Skjemtevisе

Vise med humoristisk innhald. Omgrepet omfattar også skjemteballadane.

Tysk: *Scherzlied*.

Skålevers/skålevise

Ein liten *seremonisong* sunge unisont før kvar skål. Dette er ein svensk (eller svenskfinsk) festtradisjon som hadde ei viss utbreiing i Noreg på midten av 1900-talet. I denne tradisjonen har drammane namn: Helan, Halvan, Tersen, Kvarten, Kvinten ... og ein del av skåleversa er knytt til spesielle drammar.

Sjå også Christina Mattsson: *Från Helan till lilla Manasse: den svenska snapsvisans historia*, Stockholm 2002.

Slengjeste

Spotteste, gjerne humoristiske eller vågale. Jfr. *Stev*

Slåtteste

Tekst til ein slått – ein instrumentalmelodi. Før vart *slåtteste* oftast brukt om eldre dansemelodiar, halling, springar, gangar, men nå blir ordet også brukt om tekster til vals og reinlender. Teksten knyter seg oftast til første veket (motivet) i slåttan. Dersom heile slåttan skal framførast munnleg blir det gjerne utfylt med tralling.

Sidan teksten er underordna melodien, har ikkje slåttesteva noko fast strofeform. Utover at slåttesteva gjerne er humoristiske (ofte absurde), let det seg heller ikkje gjere å karakterisere innhaldet i tekstene. Teksten er gjerne knytt til namnet på slåttan.

Tekster til vals og reinlender har også vore spreidd som slagarar på grammofonplate, men desse tekstene skil seg ut frå dei folkelege, munnleg traderte slåttesteva ved at dei er meir litterære i forma, dei har fleire strofer og stor vekt på refrenget.

Slåttesteva har vore brukt til dans når ein ikkje hadde instrument eller spelemann, til dømes ved danseopplæring, men også som hugsehjelp. Mange har lettare for å hugse ein melodi når det er knytt tekst til. Mange slåtteste har også vorte barnetradisjon.

Døme: «Kjerringa med staven», «Pål sine høner», «Så sulla ho mor på rokken sin».

Slåttestev-viser

Slåttesteva er vanlegvis einstrofingar, men ein del slåttestev har vorte så populære at dei har fått tildikta fleire strofer. Dette har skjedd med både «Pål sine høner» og «Kjerringa med staven». Sidan dei har utvikla seg frå ei enkelt strofe fortel slåttestev-visene sjeldan ei samanhengane historie. Dei er snarare *konglomeratiske*, og strofene har ikkje fast rekkefølge.

«Per Spelmann» har meir episk form enn dei fleste slåttestev-visene, og det er rimeleg å tenkje seg at dette slåttestevet har utvikla seg frå ein *ballade* («Ola Bonsen», TSB F 45).

Smedevise

Sjå *Nidvise*.

Snapsvise

Sjå *Skålevers*.

Song

Tonar skapt av det menneskelege stemmeorgan. Song er såleis eit vidt omgrep som også omfattar *vise*.

Song blir i daglegtale gjerne brukt som motsetning til *vise*, men det er ikkje lett å dra noko klårt skilje mellom desse to fenomen. Song blir gjerne brukt om tekster som uttrykkjer eit vi og såleis underforstår ei syngjande gruppe (døme: *skolesongar*, *allsongar*) mens visene på si side er tenkt framført av ein enkelt songar. Men det er mange unntak også frå dette.

Songleik

Leik med faste rørsler til song. I vår tid er dette barnetradisjon, men tidlegare var songleikar også populære mellom ungdommar og vaksne. Som ungdomstradisjon heldt songleiken seg lengre i grupper der pardans var uakseptabelt av religiøse grunnar. Døme: «Tyven tyven skal du hete», «Bro bro brille».

Songleik kan også brukast om aktiviserande song, som vaksne syng for spebarn. Døme: «Bake kake søte», «Ride ride ranke».

På engelsk kallar ein dette *Singing games*, på tysk har ein *Bewegungslieder* som nokolunde dekkjer det samme.

Songrop

Song som tek sikte på å bli høyrt over lang avstand. Jfr. *Hauk*, *Laling*, *Lokk*, *Vektarrop*.

Stev

Ordet *stev* blir oftast brukt om den tradisjonelle, lyriske, firelina einstrofingen, men kan også brukast om refrenget i balladar eller om andre tradisjonelle enkeltstrofingar (jfr. *Slåttestev*). *Kvadruplett* er eit fint ord for ei firelina strofe.

I Noreg har den lyriske einstrofingen to hovudformer: *gamlestev* og *nystev*. Skilnaden mellom desse viser seg i strofeforma: gamlestevet har enderim i andre og fjerde line, mens i nystevet rimar første og andre, tredje og fjerde line parvis. Linelengda kan variere, men fire taktslag i kvar line er det vanlegaste i nystev. Gamlestevet har oftast tre taktslag i andre og fjerde line. På samme måten som i balladane finn vi ofte vokalsamklang (*gut – tun*) i staden for fullrim (*gut – sut*).

Tyske og austeriske *Schnaderhüpfel* ligg nær opp til norske stev.

Sjå også Olav Bø: *Norsk folkedikting*, bind 5: *Stev*, Oslo 1964.

Stevrekke

Ei rekke *stev* som høyrer samman, oftast dannar det ei *konglomeratisk vise*.

Stjernegutsong

Song knytt til såkalla stjernespel. Dette var ein juleskikk særleg knytt til romjula. Skikken er levande i nokre få norske byar, men vanlegare i Sverige.

Tysk: *Sternsingerlied*

Sjå også Hans Wiers-Jenssen og Haakon Hougen: *Stjernespill og stjernesang i Norge*, Oslo 1993 (Norsk folkeminnelags skrifter 138)

Strofe

Del av ei vise eller eit dikt, ei gruppe verseliner som høyrer samman. I daglegtale kallar vi dette eit vers. I song blir vanlegvis melodien repetert for kvar strofe. Ein song som ikkje er delt i strofer kallar vi ustrofisk.

Jfr. Vers, Einstrofing, Ustrofisk song.

Studentersong

Songar brukt i studentermiljø eller som handlar om studentar og universitetsmiljø. Døme: «Sjung om studentens lyckliga da'r».

«Gaudeamus igitur» er ein gammal studentersong frå den tida då latin var det akademiske språket.

Tatervise/Tatersong

Song som anten er sunge i tatermiljø eller handlar om taterar.

Døme: «Burobengen».

Tiggarvise

Vise om tigging. Visa kan også innehalde ei oppmoding om å gje pengar til den som syng eller sel visa.

Troll- og kjempeballadar

Omgrepet blir brukt om ei undergruppe av balladane. Omfattar balladar med eventyrleg innhald. I TSB-katalogen er troll- og kjempeballadane typologisert under *E*.

Sjå *Ballade*.

Ustrofisk song

Song som ikkje er delt i strofer. Slåttesteva er oftast ustrofiske, men kan også ha fleire strofer. Dei finske Kalevalasongane er ustrofiske epos der dei enkelte verselinene følgjer på kvarandre.

Vandrevise

Vise om vandring. Jfr. *Marsjsong* og *Loffarvise*.

Vektarropp

Vektarane var vaktmenn som såg etter at det var ro og orden i gatene. Ved kvart timeslag om natta ropte dei ut kva klokka var og song gjerne eit spesielt vers.

Veveise

Arbeidssong til veving. Sidan dette er individuelt arbeid, var det neppe praktisk å arbeide i songtakta. Sjå *Arbeidstaktsong*.

Vers

I daglegtale blir ordet vers brukt om *strofe*, men i akademisk språkbruk er vers den enkelte lina som songen eller diktet er sammansett av. *Vers* kan også brukast om ein kort, oftast ustrofisk, song.

Vise

Eit kvardagsord som det er vanskeleg å definere. Bengt R. Jonsson karakteriserer visa på denne måten: *Strofisk song med strofisk melodi, enkel både i innhald og framføring*. Dette gjev eit bilde, men kan ikkje brukast for å sortere viser frå anna songmaterial og set ikkje grenser mot andre songformer som til dømes *salmar*. Dessutan kan til dømes *revyviser* ofte vere tungebrennande kompliserte og med intrikate strofeformer.

I tillegg til Jonssons karakteristikkk kan vi merke oss at visetekster ofte uttrykkjer eit *eg* i motsetnad til skolesongar og lagssongar der det er ei gruppe, eit *vi* som syng.

Visesong, som aktivitet, skil seg frå andre songformer (til dømes pop/rock og romancesong) gjennom stor vekt på tekstformidlinga. Visesong er å syngje nær talestemma og utan ornamentering av melodien slik at teksten kjem klårt fram.

Korkje engelsk, tysk eller fransk har noko spesielt ord som tilsvareer *wise*.

Voggesong

Song for å få eit lite barn til å sove. Det kan vere praktisk å skilje mellom *svævingssong*, som skal drive barnet heilt inn i søvnen, og *god-natt-song*, som berre er eit element i eit leggeritual. Svævingssongen blir brukt til spedbarn. Innhaldet spelar liten rolle, men songen må vare ved heilt til barnet søv. Dette betyr at songen må vere sammanhengande og nesten endelaus.

God-natt-songen blir brukt for litt større barn. I slik song er innhaldet retta mot barnet og songen treng ikkje vare ved heilt til barnet søv. Voggesong er naturlegvis ikkje barnetradisjon.

Engelsk: *Lullaby*. Tysk: *Wiegenlied*, *Wiegengesang*.

Vokalsamklang

To vokalar som kling likt. I munnleg tradert dikting kan ofte vokalsamklang erstatte fullrim. Døme: *gut* kan rime på *tun* (vokalsamklang), mens eit fullrim krev at også sluttkonsonanten skal vere lik, *gut* rimar på *sut*.

Åndelege viser

Viser og songar med religiøst innhald. *Salmar* kan også kallast *åndelege viser*, men det som kjenneteiknar salmane, er at dei er autorisert til gudstenestebruk. Difor blir *åndelege viser* helst brukt om dei songane som ikkje er autoriserte.

Referanseverk

Bødker, Laurits 1965. *Folk Literature*. Bind 2 av *International dictionary of regional European ethnology and folklore*. København, Rosenkilde and Bagger.

Grambo, Ronald 1984. *Folkloristisk håndbok : begreper – termer*. Oslo, Universitetsforlaget.

Heiberg, Hanne 1991. *Tesaurus for Visearkivet*. Hovedoppgave ved Statens bibliotek- og informasjonshøyskole. Oslo, Visearkivet.

Holzappel, Otto 1996. *Lexikon folkloristischer Begriffe und Theorien : (Volksliedforschung)*. Studien zur Volksliedforschung 17. Bern, Peter Lang.

Velle Espelands *Ballade og bånsull* er lastet ned gratis fra bokselskap.no